



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eyvin Søltnæs, 5764 3135
Gry Walle, 5557 2332
Daniel Almhjell, 5557 2150

Fråsegn til revisjonsdokument for reguleringar i Mauranger-vassdraga i Kvinnherad og Ullensvang kommunar

Maurangerkraftverka produserer klimavenleg energi og har stor samfunnsnytte, men reguleringane har negative konsekvensar for naturmiljø og friluftsliv. Sidan konsesjonen blei gitt på ei tid då natur og friluftsliv blei tillagt mykje mindre vekt enn i dag, må revisjonen bringe konsesjonsvilkåra meir tråd med dagens miljøstandard.

Statsforvaltaren meiner det som hovudregel bør sleppast minstevassføring/miljøbasert vassføring på reguleringspåverka elvestrekningar. Tilstrekkeleg mengde vatn, tekniske løysingar og kostnader må utgreiast godt seinare i prosessen, slik at avveginga av miljøomsyn opp mot energitap blir gjort på ei godt kunnskapsnivå.

Vi viser til oversendinga 21.3.2023 som gjeld høyring av revisjonsdokument for reguleringar i Mauranger-vassdraga.

Innleiing

Statkraft har utarbeidd eit revisjonsdokument på bakgrunn av innkomne krav frå Kvinnherad og Ullensvang kommunar, og føringar frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE). Dokumentet omtalar ulemper ved utbygginga som er kjent for selskapet, og skal saman med innkomne høyringsfråsegner gi grunnlag for reviderte vilkår.

I St. meld. 14 (2015-2016) s. 95 er revisjon av vasskraftkonsesjonar omtalt som «et virkemiddel for å modernisere konsesjonsvilkåra og forbedre miljøforholdene i regulerte vassdrag og bringe dem mer i tråd med dagens miljøstandarder.» Det eksisterande kraftanlegget med konsesjonsgitte vilkår skal vurderast opp mot anlegget med føreslegne nye avbøtande tiltak, som kan vere slepp av minstevassføring, miljøtilpassa driftsvassføring eller restriksjonar for fylling av vassmagasin. Det vil vidare bli innført moderne standardvilkår.

Statsforvaltaren vil kommentere reguleringspåverknaden på allmenne interesser som naturmiljø og friluftsliv, og vi vil foreslå minstevassføring og eventuelle andre avbøtande tiltak som bør fastsetjast i konsesjonsvilkåra. Etter den nye arbeidsdelinga innan miljøsektoren, er ansvaret for anadrome laksefisk og villrein i høyringssaka løfta opp til Miljødirektoratet. Vi vil difor berre kort kommentere desse interessene. Som sektormyndede for landbruk vil vi òg kommentere landsbruksdrifta i området.



Vassforskrifta/tiltaksplanen

Formålet med vassforskrifta er «(...) å gi rammer for fastsettelse av miljømål som skal sikre en mest mulig helhetlig beskyttelse og bærekraftig bruk av vannforekomstene.». I dei nasjonale føringane er det lagt til grunn at vassdrag med klårast potensial for miljøforbetring til lågast mogleg kostnad skal prioriterast for miljøforbetring. Tiltaka i tiltaksplanane skal vurderast etter sektorloverket, etter kost/nytte-vurdering.

[NVE rapport 49/2013](#) har peika på minstevassføring i Austrepollelva og Øyreselva som aktuelt tiltak for å betre tilhøve for sjøaure, og magasinrestriksjonar i Mysevatnet og Svartedalsvatnet som aktuelt for å betre tilhøva for landskap og friluftsliv.

Vedlegg 1 til denne fråsegna er ein tabell som viser påverka vassførekomstar i reguleringsområdet som har tiltak knytt til vasskraftutbygginga.

Anadrome laksefisk

Revisjonen omfattar fire elvar med anadrome laksefisk; Jondalselvi, Øyreselva, Austrepollelva og Bondhuselva. Vi vil i hovudsak berre kort omtale laks og sjøaure, og viser til utfyllande kommentar frå Miljødirektoratet.

Øyreselva: Sjøaurestamma er i særskildt dårleg tilstand¹. Det er førekomst av laks i vassdraget. Sjøaure frå vassdraget er tatt inn i genbank Hardangerfjord (levande og frosen genbank). Vassdraget har ei anadrom sone på om lag 1,2 km, med to løp nedst. Gjennomsnittleg vassføring er redusert med 84 prosent etter regulering. Det er i dag krav i konsesjonen om slepp av ein vassføring på minst 200 l/s i perioden 1. juli – 1. november, om vassføringa ved utløpet er lågare enn 300 l/s.

For å redusere dei negative effektane av reguleringa på produksjonen av fisk, bør det stillast krav om å sikre nok vatn heile året, inkludert i sideløpet i nedre del av elva. Sideløpet er i dag utsett for tørrlegging, og har eit berekna areal på 3951 m². Utan tørrlegging kan løpet bidra som oppvekstareal for ungfisk. Det bør gjennomførast ei utgreiing for å sjå på kva som er rett nivå på minstevassføringa. Inntil det er på plass foreslår vi 200 l/s i vinter og 500 l/s målt på anadrom sone.

Austrepollelva: Sjøaurestamma er i særskildt dårleg tilstand¹. Det er førekomst av laks i vassdraget. Sjøaure frå vassdraget er tatt inn i genbank Hardangerfjord (levande og frosen genbank). Vassdraget har ei anadrom sone på om lag 1,9 km. Gjennomsnittleg vassføring er redusert med 87 prosent som følge av reguleringa.

Det er ikkje minstevassføring i vassdraget i dag. For å redusere negative effektar av reguleringa, bør det stillast krav om å sikre nok vatn heile året. Det bør gjennomførast ei utgreiing for å sjå på kva som er rett nivå på minstevassføringa. Inntil det er på plass foreslår vi 200 l/s i vinter og 500 l/s målt på anadrom sone.

Bondhuselva og Jondalselvi: I Bondhuselva er sjøaurestamme er i dårleg tilstand¹, og det er førekomst av laks her. Det er opent for laksefiske i Bondhuselv. Jondalselvi har både lakse- og sjøaurestamme. Laksestamma har særskildt dårleg gytebestandsoppnåing og haustbart overskot¹, og sjøaurestamma har moderat tilstand¹. Sjøaure frå Bondhuselva og laks og sjøaure frå Jondalselvi er tatt inn i genbank Hardangerfjord (levande og frosen genbank).

¹ Vitenskapelig råd for lakseforvaltning.

² Årsrapport for langsiktige undersøkelser av laksefisk i seks regulerte vassdrag i Hardanger 2009. Uni miljø rapport 176.



I Bondhuselva og Jondalselvi er vassføringa redusert med høvesvis 37 og 29 prosent etter regulering. Vi fremjer ikkje krav om minstevassføring i desse to vassdraga.

Habitat, tersklar, masseforflytning og liknande kan handterast gjennom vilkåra i konsesjonen.

Anna viktig naturmangfald

Det er ikkje gjennomført nokon vurdering av naturmiljø eller miljøkartlegging utover effekt på fisk. Naturmiljøvurderinga i konsesjonssøknaden for Mauranger 2 som nyleg var på høyring, var òg basert på tilgjengeleg informasjon i databasar og eksisterande rapportar. Vi legg til grunn at revisjonsdokument fangar opp og vurderer det som ligg tilgjengeleg av data over vasstilknytte artar som kan vere påverka av utbygginga.

Førekost av vasshalemose (raudlistekategori nær truga - NT) i Bondhuselva er omtalt i revisjonsdokumentet, og funna er òg nemnt i [NVE rapport 49/2013](#), altså den nasjonale prioriteringa for vasskraftrevisjonane. Etter nokre stikkprøver i www.artskart.no har vi funne ei registrering av kystflope (NT) ved Haugafossen i Jondal. Dette er ein vasstilknytt art som Artsdatabanken har estimert til å vere i tilbakegang, på grunn av omfattande småkraftutbygging. Sett i lys av at området generelt er lite kartlagt, kan det kanskje vere fleire spesielle artar i området.

Fiskeutsetjingar i magasinane, og eventuelle habitattiltak, blir handtert gjennom standardvilkåra. Det går fram av revisjonsnotatet at vatn utsettingspålegg blir prøvefiska, og seks magasin blei undersøkt i 2019.

Landskap og friluftsliv

Reguleringsområdet omfattar fleire registrerte friluftsområde, deriblant i nærområdet til Folgefonna nasjonalpark. Revisjonsrapporten har omtala turruter og innfallsportar til Folgefonna nasjonalpark, og bruer og stiar som konsesjonshavar drifter og held ved like. Det er tilknytt fire landskapsvernområde til nasjonalparken, deriblant Bondhusdalen landskapsvernområde i reguleringsområdet for maurangerkraftverka.

Fleire av revisjonskrava er grunngeve med landskaps- og friluftsverdiar. Vi har ikkje detaljkunnskap til å gå inn i dei enkelte krava om minstevassføring eller magasinrestriksjonar. Konsesjonæren har kommentert at det er behov for å utgreie vidare vassbehov og slepp, og vi legg til grunna at dette blir følgd opp vidare i prosessen. Krav om fjerning eller rehabilitering av tippar er godt grunngeve, og vi konstaterer at konsesjonæren vil følgje opp dette. Krav om tilretteleggingstiltak for turar og friluftsliv vil òg kunne handterast gjennom nye standard konsesjonsvilkår.

Landbruk

Landbruk er ikkje omtalt i revisjonsdokumentet. Mesteparten av jordbruksareala i reguleringsområdet finn ein i Mauranger og Flatebø. I Mauranger er det ein del fulldyrka jordbruksareal langs Austrepollelva. I Flatebø er det lite jordbruksareal langs Øyreselva.

Med vanleg forsvarleg jordbruksdrift vil det alltid vere ei viss avrenning av næringsstoff til vassdraga, og det er viktig at dei som driv med jordbruk følgjer regelverket for gjødselhandtering. Skal vasskvaliteten betrast, må alle gjere ein innsats på sitt område. Krav om slepp av minstevassføring i Austrepollelva og Øyreselva om sommaren, vil utvilsamt vere positivt for resipientkapasiteten.

Anleggsvegar tilhøyrande kraftanlegget kan vere positive for beitenæringa med tanke på tilsyn og slepp av dyr. Vassdragsregulering kan ha påverka gjerdeeffekten i fjellområdet, men vi reknar med at dette har vore vurdert og er kompensert i skjønnet etter utbygginga.



Konklusjon/tilråding

For at miljøtilhøva skal kome meir i tråd med dagens standard, meiner vi at følgjande bør bli innarbeidd i konsesjonen:

- Heilårs minstevassføring/miljøbasert vassføring i Øyreselva og Austrepollelva.
- Vassbehov, tekniske løysingar og kostnader må utgreiast.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Gry Walle
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Vedlegg 1 Vassførekomstar i reguleringsområdet for Mauranger-reguleringane som har tiltak knytt til påverknaden frå vassdrag

Kopi til:

Vestland fylkeskommune
Kvinnherad kommune
Ullensvang kommune

Postboks 7900
Rosendalsvegen 10
Opheimsgt. 31

5020 BERGEN
5470 ROSENDAL
5750 ODDA